

## **HERØY ROTARYKLUBB**

### **REFERAT FRÅ STYREMØTE 09.02.2026 18:30 – 19:20**

Desse var til stades: Roger Kvalsvik, Tove Worren, Magne Nærø, Hans Kristian Opsal, Fred Kvalsund, Kjellbjørn Kopperstad, Per Arne Gjerdsbakk. Kom til møtet ca kl 19:00 : Ingunn Pettersen og Sissel Ødegård.

#### **E – post frå Frank Stenersen / Håvard Notøy**

«Saman for Fosnavåg» vil lage park ved Sparebanken Møre mot Gerhard Voldnes Veg. Dei foreslår då at støtta av Gerhard Voldnes vert flytta ditt.

*Styret er positive, men vil ta det opp på dagens medlemsmøte. Styret går ut frå at «Saman for Fosnavåg» utfører flyttinga og tek kostnadane.*

#### **Ungdomsutveksling.**

E – post frå Per Arne Emdal / Ryla om dette. Han nemner at der skal ha vore samtale mellom Ulstein og Hareid Rotary om eit samarbeid.

*President Roger Kvalsvik snakker med Hareid og Ulstein om dette og om vi eventuelt kan vere med i eit samarbeid.*

#### **60 års jubileum og presidentskifte 15. juni 2026**

Per Arne Gjerdsbakk orienterte om dette og at dei skulle ha møte med Horisont på komande torsdag.

#### **Roll Ups for Herøy Rotaryklubb**

Sissel Ødegård og Tove Worren viste fram forslag dei har utabeida.

Disse skal brukast på den komande distriktskonferansen, som vi skal arrangere, samt til seinare profilering av klubben.

*Styret ber om at forslaga vert presentert og diskutert i dagens møte i prosjektgruppa.*

#### **Klubben si heimeside.**

Sissel Ødegård og Tove Worren tok opp at heimesida vår ikkje var sett opp slik heimesidene til Ulstein og Hareid var.

Der skal vistnok ha kome ein mal frå Rotary i Norge, men den er ukjent for klubben i dag.

*Styret ber Ingunn Pettersen sjå på dette og rette opp heimesida vår.*

Eggesbønes / Nærøy 10.02.26

Magne Nærø Sekretær 2